



Kommunal - og moderniseringsdepartementet

Utgreiing om fylkesmannens framtidige struktur

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har sett i gong ei utgreiing av framtidig struktur og storleik for fylkesmannsembeta. Målsetjinga for arbeidet er å gje departementet eit godt grunnlag for å vurdere kva som er føremålstenleg inndeling av embeta, gitt dei oppgåver og roller fylkesmannen skal ivareta i forvaltninga no og i tida framover. I byrjinga av juli i år var det første utgreiings- og analysearbeid lagt fram. Dette førebelse utkastet vart sendt på ein innspelsrunde (høyring) til utvalde, relevante aktørar og samarbeidspartar. Høyringsfrist vart sett til 14.10.16. Målet er at arbeidet med utgreiinga skal slutførast innan utgangen av året.

Kommunane er fylkesmannen sine viktigaste brukarar og samarbeidspartnarar, og det er eit viktig mål at stat og kommune fungerer best muleg saman.

Også andre reformprosessar og utviklingstrekk i forvaltninga har etter regjeringa sitt syn aktualisert behovet for ei vurdering av inndelinga av fylkesmenn. Det skal gjennomførast ei regionreform der målet er om lag ti nye folkevalde regionar. Betydelege endringar i inndelinga av ei rekkje regionale statsetatar i løpet av dei siste 15-20 åra har også medført endra rammevilkår for fylkesmannen si samhandling og samarbeid med desse etatane.

Sogn regionråd er samarbeidsorgan for kommunane Aurland, Balestrand, Høyanger, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal – og har følgjande innspel til utgreiinga:

Sogn regionråd meiner fylkesmannen si organisering og struktur bør samsvare med det folkevalde regionale nivået. Dersom regionreforma fører til at fylke på Vestlandet vert slegne saman, bør embeta ha felles inndeling med det nye regionale nivået.

Sogn regionråd meiner fylkesmannsembetet bør ha ei desentralisert forvaltning lokalisert i dagens fylke, med leiing frå Sogn og Fjordane og Leikanger, slik dei tre fylkeskommunane har avtalefesta i intensjonsplanen for den nye Vestlandsregionen. Sogn regionråd meiner og at i ein ny region bør fylkesmannen ha hovudsete på Leikanger.

Sogn regionråd meiner at fylkesmannen si rolle for å få til god samhandling i Sogn og Fjordane ikkje må undervurderast. Val av ny modell må derfor sikre at det er nærleik til og samspel med kommunane. Fylkesmannen har i alle år vore ein viktig pådrivar for samarbeid innanfor skule, helse, beredskap, digitalisering og breibandutbygging i Sogn og Fjordane. Saman med Høgskulen i Sogn og Fjordane og Sogn og Fjordane fylkeskommune har dei i lang tid vore ein viktig del av dei særs gode skuleresultata som vårt fylke er kjende for. Fylkesmannen, fylkeskommunen og høgskulen har vore viktige regionale utviklingsaktørar for heile fylket over lang tid. Sogn regionråd er uroa over at dette samarbeidet kan forvitte med ei ny organisering.

Statleg lokaliseringsspolitikk er ein del av regionalpolitikken og eit direkte virkemiddel som regjeringa rår over for å påverka den regionale balansen. Sogn regionråd meiner fylkesmannen i Sogn og Fjordane leverer godt innafor sine oppgåver, har brei kompetanse og rekrutterer godt.

Sogn regionråd vil i den samanheng særskild framheve at det over tid er etablert eit sterkt og godt fagmiljø for offentleg forvaltning i Sogn og Fjordane. Ved å sikre talet på offentlege arbeidsplassar meiner Sogn regionråd regjeringa og fylkeskommunen kan bidra til ei balansert regional utvikling.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har også teke på seg fleire nasjonale oppgåver og bør slik Sogn regionråd meiner det få tilført nye nasjonale oppgåver. Regjeringa kan på den måten syte for ei balansert regional utvikling i den nye regionen.

Med helsing

Petter Sortland
leiar i Sogn regionråd

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift